

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland

Emne: Bordskik til kvardag

Bygdelag: Nuland

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland

(adresse): Nuland

G.nr. 78 Br.nr. 4 Og 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *eigi røynsle*
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
fødd 1882. også høurt av andre

## SVAR

- 1). Hjø oss vart maten tillaga helst i kjøkkenet og me åt inne i stova om vinteren og i sidekammerset om sumaren. Til kvardags sat me kring eit slagbord nær omnen, alle ved same bord, d.v.s. Far, mor og borni, beste-foreldri budde i endekammerset og hadde eige stell så lenge dei kunde. Då dei vart så skøpelige og besta var at åleine, låg ho inne i same stova som mor og far, mens dei største borni låg på loftet over stova.
- 2). Me sat alle ved same bord, så sant det blei plass. Det er skikken endå. Hev ein tilfeldig arbeidsfolk i huset, skal dei ha den beste maten og gjerna ha ein plass for seg sjøl. Tenarar, som jamt er i huset er med i måltiderne som dei høyrer huslyden til.
- 3). Alle åt på same tid og av same mat, tenarane hadde helder fortrinet.
- 5) I min bardomsheim var kjøkkenet lite og kammerset trongt, så var det helder ikkje varme der, så difor åt me i stova, der var varmare. Nå er det større rom og ein har komfyrer og omn også i kammerset, så dei som har rom til det, et til kvardags i kjøkkenet eller kammerset. Sume har så store, ljose kjellarar, at dei et der, serlig om sumaren.
- 6). Så lenge eg minnest har ikkje husbondsfolket havt nokon anna mat enn dei andre, framande og daglønnsfolk skulde ha det beste. Var det høgtider og dei som hadde vore burte frå heimen var med, dekkja mor helst høgebordet som var eit vengebord inne i stova og det sør-austre hyrna vart kalla, Høgsetekrona, Der skulde husbond, eller vyrde gjestar sitja. Til kvardags, ved slagbordet, sat far i omnsbenken ved geggen og mor rett over på andre sida, og så borni, gjerne stor kring bordet for å få plass.
- 8) Eg minnest at me måtte stå kring slagbordet då me

var små, for bordet var lite og borni mange, så det var  
trengt om plass. Det var skikk i 1890 åra, men ein ser  
det ikkje nå.

9) Høgsetet heiter bare den fyrrnemnde krona ved stove=  
bordet, fars plas ved slagbordet, heitte bare, han sat i  
omnsbenken, Endå er høgsetekrona rekna for den gjøvaste  
plassen. Er det Bryllupper eller likferder, skal brudfolket  
sitja i høgsetekrona og næraste skyldfolket nær desse etter  
skyldskapen. Sume held strengt på serskilte plasser for  
husbond, far i huset. Det er fortald, at eigong Bispen  
Støylen var hjå Wåge Eriksen i Kvinesdal, og dei skulde  
ha mat, så sette bispen seg i øvre ende av bordet, Men  
prestefrua sa ifrå, at dette var, Fars, plass og bispen laut  
flytja seg,

11) Me vaska oss vist henderne varserleg skitne, men  
ellers ikkje, då me var små, nå er det vanleg å vaska  
seg på henderne fyre måltidet. Å ta av seg hua eller det  
ein hadde på hovudet, var så sjølsagt, at om me borna  
gløymde det, var det tiltale straks. Det er også nå alle  
stader rekna for upassande å sitja med noke på hovudet  
mens eit et.

12). Då me var små, i 90 åra, stod grautefatet mitt på  
bordet og kvar fekk kopp og skjei, koppen kunde vera  
svarva av tre, eller var steinkopp, d.v.s. alm. Fayjangse  
Ein hadde sur mjøl i koppen, tok så graut med skjeia og  
duppa den i mjølka og åt. Det kunde henda at 2. åt av ein  
kopp, men det var undantek. Nå har me grautefatet på  
bordet, med ei serskilt skjei til å lempa grauten over i  
ein talerken, så slår me helst mjølk over den og et frå  
kvar sin talerk, sume har teke til å ha mløka i glass, srleg  
når det er finare risengraut, eller velling, og drik  
litt mjølk av og til mens ein et vellingen med skjeia.  
Hadde mor noke betre mat, atåt den vanlege kvardagsmaten,  
vart den utetla litt til kvar. Det er fortald, at det var  
skikk i våre besteforeldres tid, at maten vart utetla i  
porsjonar til born og tenarar, då det gallt om å nytta den  
vel å ikkje fylla seg unødig. Det var eit ordtek, me jamt  
fekk høyra. Du kan eta deg mett av grjona, men ta vent av  
suvla, Grjon, er vanleg mat, Suvl, er smør og ost, eller anna  
pålegg. Det var teikn på lite daning at ein var ukjuren  
i suvla. Var det sett fram noke sers god mat for ein  
gjest, skulde han syna god framferd ved å ta lite av det  
dyre og fine. Ein skulde ikkje vera som kretur, som tek  
det besste fyrst. Ein skulde syna at ein var velseda

Ein skulde lesa for maten når ein gjekk tilbords og takka Gud for maten når ein var ferdig.

En måtte ikkje sløysa med maten, små molra måtte nyttast Folk heldt det for ein stor synd å sløysa eller vanvyrda Guds gåvor. Det var rikt sildefiske ved Flekkefjord ei tid fyrst på 1800 talet, men så blei den så bileg at folk nytta den som gjødsel på jordi, då blei det slutt med fisket, silda blei burte, og folk sa, det var Guds straf for dei vanvyrde maten på den måten.

13). Det var skjeldan me stte gryta beint på bordet, men det var vanleg at me sette panne på bordet, og då var det alltid eit underlag, eit stykkje tre, runda til eller det grummaste var ein panning ihopsett av små trespiler, slik hadde ikkje me, men eg har sett det hjå andre. Var det t.d. kjøttsuppe, stod denne i eit fat på bordet og frå dette auste me så på talerken, men det var kje alle som hadde talerker, og dei hjalp seg besst dei kunde, med trekopper, mindre fat, eller dirikte frå det store fatet i munnen. Var det framande tilstades, laut ein skaffa dei serskildt kopp eller talerk. Det var bare treskjeier ibruk i mi bardoms tid, Dei kunde vera gode å eta med, når dei var godt arbeid. Sume som var flinke til å arbeida, skar ut forsiringar på skjeierne. Eg har sett skjeier med figurar på handtaket. Andre skar ut ringler. Har haur tale om, at nokon hadde skore ut 2 skjeier med eit kjæde i millom, av slike ringler, allt utskore av eit emne. Kjædet skulde vera så langt, at brud og brudkunde eta med kvar si skjei, og kjædet strekkja til millom dei. Har også sett og ete med skjeier av honn, dei var glatte og gode.

14). Det var vanleg å gjera seg biter av fladbrød, og hadde så poteter, og kjøtbiter imilom fladbrødstykkjerne. Me kalla det å gjera bida, Ein braut fladbrødet i passande stykkje, tok så kokt jordeplel og trykte utover, la så ei kjøttbite på og la ein fladbrørmole over og heldt biten saman med fingrane og åt så frå kanten. Drakk så suppa med skjeia atåt. Det var fladbrød på bordet ved alle måltider i min barndom, og ein gjorde biter av det på same måten, Fyrst tog ein smør med bordkniven og klinte utover fladbrødmolen, så dravle eller prim, eller helst mysmør, som var koft av mysa med litt finar mjøl i.

15). Det var bare foreldri mine som fekk kaffi, borni fekk ikkje kaffi fyre dei var konformert. Til Jul skulde me ha kaffi alle, det var serleg høgtid då. Sukker vart ikkje brukt til kvardags, I veitler hende det der var

7:02

5017

sukker og då brukte sume å sleppa, det i koppen, andre tok biten i handa, duppa den i kaffi og så i munnen.

16). Kaffien skulde helst vera så heit som råd, og då måtte dei slå den i skåla for å kunna drikka den. Det var ikkje anset så upassande, kvar gjorde som han lysta soleis

17) Gaffelen var ikkje ibruk til kvardags i 1890 åra, men kom ibruk etter eg vart vaksen kring 1900.

I veitler var det og lite knivar sumetid. Dei hjalp seg på den måte, at dei stakk nokre knivar i gummevatet, så tok gjestarne ein kniv der og når dei hadde brukt den, så stakk dei den i att og andre kunde låna den. Dei stop på ende med spisse ned i gummen og håndtaket opp. Bordkivarne var heimearbeid, og kunde vera meir eller mindre fyre seg gjorde, etter som det var hage folk som hadde laga dei, Det hende sagti at mannen nytta tolekniven og, men det var helst som naudbjerg. Fingrane var og mykje brukt. Når kvinnerne klinte lefser, så vaska dei seg gott og klinte smøret over med fingrane,

Fyrr steintytalerker kom ibruk, så hadde folk treborskar, Det var runde trestykkjer, meir eller mindre vønt arbeid, som dei skar kjøtet eller steiik på.

19) Borni hadde gjerne kvar si skjei, og kunde merkja den, men dei vart vaska og smla saman og utdelt for kvar måltid. 20). Det var helst trefat, trekopper og tre mjølke jurer, tre holkar, tre mjølkeringer, tre vassbytter, og tre bytter til kreturet, det fyrste eg minnest. Men det var steinty kopper til å drikka kaffi i, huksar aldri ein drak kaffi av trekopper. Forandringi kom kring 1900

20) Ein brukte ikkje bordduk til kvardags fyrr, men det er vanleg nå med voksdug. Fyrr var det kvitskura bord fyrst seinare målt, som vart vaska.

23) Kvar forsynte seg av den almindelike maten, som fladbrød, men var det ekstra mat, som stompe, skivaeller kaker, som var rekna som finar, delte mor det millom borni.

Eg hugar 2 gamle, som var fødd kring 1820, dei var saman i eit brudlaup. Så skulde dei under siste måltid, sitja jamsides i øgsøtet. Då sa kjøkemeistaren, som var son av den eine gamle. Ja, de då sete jamsides med bordet fyrr de 24. Den eine heitte Ola, han hadde gjæt, hjå mor til den andre då dei var unge gutar. Så sa Ola: Nå vil eg fortelja noke. Det var eigong eg og Kristin skulde eta ihop, Me skulde skrapa velling gryta, så tok, Alet, mor av K, og sette eit strekt tvers over i vellinggryta, for at ikkje Kristian skulde eta opp for meg.....

- 27) Det å tygge maten for småborna, var kjend til for 30 40. år sidan. 28). Alle velseda bondefolk les for maten både fyre og etter målet, Er det mindre born i huset, er det vanleg at dei les høgt. Hjø dei fleste er det helst så, at millom vaksne folk, foller dei henderne, bøier hovudet og les bordbøn stille. Men det vert rekna for usømeleg og teikn på verslighet, å ikkje lesa for maten men gå til bords som eit kretur. Sjøl om dei vaksne ikkje for sin eigen part les, så tykkjer dei fleste, at det sømer seg at borni vert opplærte til det. Dette er skikken millom bondefolket, Anleggsarbeidarar, som kom inn i bygda under arbeidet med Sørlandsbanen, 1934-44. brukar mindre å lesa. Er det gjestebod, eller selskap, så er det nokså vanleg i kristne heimar, at dei syng eit salmevers fyre og etter måltidet, og gjerne at, nokon leier i bøn. 29). At folk talar når ein et, er vanleg, men det lyt vera sømeleg og med måte. Å syngja mitt i måltida, er upassande. Det heiter i eit gammalt ordtak Eg visste kje at Kjer- ringa var gal, fyrr ho tok tjl å synja nå ho åt.
- ~~XXX~~ 32.) Ja, det er rekna som upassande å gå frå bordet fyrr alle er ferdig, serleg visst det er framande med til bords. 33). Å takke for maten til kvardags i heimen er ikkje vanleg, men sjølsagt gjer alle gjester det. er det derimot høgtid og ein har serleg god mat på bordet, som Jolegrauten, så er det god skikk å takka hus- mora for god graut. 34). Kom det folk under måltidet sa dei gjerne, Velbekomme, og tidlegarare var det vanleg at den som kom inn, fekk plass ved bordet. Det får han gjerne nå og, Var det born som kom, fekk dei vanleg litt påsmurt mat oppi handa.
- 36) Er det folk som kjem og har gått litt lenger, spør ein gjerne om dei vil ha mat, eller om dei har fått mat nyleg, 37). På avsides gardar, er folk flinkare til å gjeva mat, Alle gjester skal ha det besste ein har i huset. Det er nå helst kvinnorne som trakterar kvarandre, husmor mot husmor. 38). Det er helst så, at er det born i huset og vanskelegare å ha orden, vert gjesten sett tilbords åleine ved eit anna bord, eller etterpå når dei andre er ferdig, og han får då det besste huset har.
- 38). Det er meir untag at gjestfridomen er så stor, at kvar som kjem i huset får mat og at kjelen stend på heile dagen. 39). Det er ikkje vanleg å eta på kjøkkenet antan for husetsfolket eller gester.
- 40). Fyrr var det halden for gos skikk å vera smålåten å slutta snart ved bordet, nå et folk det dei treng. Men det er skikk å beda gjesten forsyna seg.

6  
41,). Det er vanleg at husmora, eller nokon av husfolket  
sit inne hjå gjesten og tala saman med han mens denne et.  
Ein sit då eit stykkje frå bordet, men slik at ein kan  
sjå mot ansiktet av gjesten og vera merksam mot han  
under måltidet og samtalen.

5017